



Årsrapport 2024



DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd



Leiar

Det har vore eit innhaldsrikt år i Os kyrkjelyd. Visjonen til kyrkja vår er å vera nær Kristus, nær kvardagen og nær kvarandre. Når du les gjennom årsmeldinga og ser på bilete frå året som har gått kan det vera som eit vindauga inn til korleis denne visjonen utspeler seg i praksis. Når vi samlast både i store og mindre forsamlingar får vi høve til å sleppa inn Han som står for døra og bankar, og til å vera i eit fellesskap med og for kvarandre.

Tunet er svært verdifull for kyrkjelyden vår. Her er det mykje aktivitet for alle aldrar gjennom heile veka. Dette er vi stolte og takksame for. I 2025 arbeidar vi med å få iverksett naudsynt vedlikehald.

Det har vore eit år med nokre utskiftingar. Heldigvis har gode folk kome inn i viktige stillingar: Ungdomsleiar Harald Skoglund Dahler tok over etter Martin Bakke Slåttsveen, kyrkjelydspedagog Vibeke Stang kom inn for Elisabeth Saxe Vinkler, og no på nyåret starta prosjektmedarbeidar Idun Fjeld og kapellan Jostein Enger, sistnemnte etter at Anette-Emilie Gangstø vart sokneprest i Fusa. Takk til dykk som no skal vidare, og vi er strålande nøgd med å ynskje kvar og ein av dei nye velkomen på laget!

Vi har òg hatt ein strålande frivillighetsfest i år! Denne kan du lesa litt om på baksida. Alle dykk som gjev av tida dykkar for å skape ei levande kyrkje er vel verd å heidra! Vi ynskjer at kyrkja skal vera ein stad kor alle kan kjenna seg velkommen. Kanskje har du nokon du kunne invitert med?


Tone Steinsund Hagevik, soknerådsleiar

Råd og utval

Soknerådet er kyrkjelydens folkevalde leiarar, som gjennom styrearbeid forankrar viktige avgjerder for kyrkja i Os ute i befolkninga. Soknerådet skal bidra til "å vekkja og næra det kristne livet i soknet".

Soknerådet tek avgjerder om planar, strategi, økonomi og andre løpande saker gjennom året. I rådet sit sokneprest som fast medlem.

Det sitjande rådet vart vald ved Kyrkjevalet 2023 og sit fram til 2027.

Tone Steinsund Hagevik, leiar
Per Gunnar Lunde Oseng, nestleiar
Christine Westgaard Lund Halland
Grethe Inger Berge
Jon Håkon Øen
Olav Emil Tennefoss Vatshelle
Karl Ole Midtbø
Espen Harald Haga
Roar Hallesby Evjedal, sokneprest

Varamedlemmar:

Malin Nøss Vangsnes
Inger Jonette Indset Botnevik
Birk Eiken Lunde
Frode Qvale
Arild Saltskår Jentoft

Soknerådsmedlemmane er òg plasserte i ulike utval og komitear, der dei i lag med andre frivillige og tilsette arbeider med særskilde område eller arrangement.

I 2024 vart **musikkutvalet** re-etablert etter ein periode i dvale. Konsertar og anna musikkarbeid kan du lesa om på side 1 . Utvalet leiast av kantor Irina Tarasova.

Gudstenesteutvalet tek for seg utforming av gudstenestetilbodet, og korleis vi kan utvikle den aller viktigaste møteplassen i kyrkjelyden på ein god måte. Utvalet vert leia av sokneprest Roar Hallesby Evjedal

Diakoniutvalet har fokus på omsorgsarbeid i eigne tiltak og i samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet. Utvalet vert leia av diakon Ingrid Vik.

Trusopplæringsutvalet skal arbeide med planar og utforming av eit lokalt tilpassa, heilskapleg opplæringstilbod, eit område som òg er i endring i Den norske kyrkja sentralt. Utvalet vert leia av kateket Gro Helen Blindheim Skjælaaen.

Nore Neset-utvalet bidreg til å skape aktivitet og bygge fellesskap kring lokalkyrkja på Nore Neset, og står for mange kjekke arrangement gjennom året.

Julemesse-komiteen arrangerer den store messelaurdagen som samlar store delar av kyrkjelyden i november kvart år. Inntektene går til barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden og lokalsamfunnet.

Organisasjon

Tilsette i Os sokn

Dei som jobbar i kyrkjelyden utanom prestane er tilsette i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, med tenestestad i Os sokn.

I løpet av 2024 var det følgjande endringar i staben:

Martin Bakke Slåttsveen takka for seg som ungdomsleiar før sommaren. **Harald Skoglund Dahler** tok til som ungdomsleiar 1. august. Stillinga er fast 100%.

Vibeke Stang fungerte som vikar i trusopplæringa hausten 2023 og våren 2024, og tok imot fast 80% stilling som kyrkjelydspedagog frå 1. april.

Lars Joar Hilleren har hatt permisjon frå sin stilling som ungdomsarbeidar i Os for å jobbe på prosjekt som kyrkjetenar/gravplassarbeidar. Dette treårige prosjektet vart avslutta i 2024 og Lars Joar takka då ja til fast 100% stilling i driftsavdelinga der han vil halde fram med desse oppgåvene. Inntil 20% av stillinga er avsett til ungdomsarbeid i Os sokn.

Gjennom godt samarbeid med Bergen kyrkjelege fellesråd har soknet i ein periode hatt konsulenthjelp til handtering av soknerådssakar og annan støtte til dagleg leiar i 50% stilling. Dette har gjort det mogleg å skjytte oppgåvene som fungerande kyrkjeverge i tillegg til rolla som dagleg leiar for Os sokn. Dette samarbeidet heldt fram i 2025.

Følgjande medarbeidarar har ellers vore tilsette gjennom heile året:

Anna Cecilie Norlund Oksavik, organist
Gro Helen Blindheim Skjælaaen, kateket
Ine Sofie Moen, konsulent/frivilligkoordinator
Inger-Johanne Haugland, konsulent
Ingrid Vik, diakon
Irina Tarasova, kontor
Monica Refsdahl, konsulent
Sigurd Rotvik Tunestveit, dagleg leiar
Sylvi Lundgren, barne- og familiearbeidar

Prestar

Prestane som gjer teneste i soknet er tilsette av Den Norske Kyrkja i Bjørgvin bispedøme, der Ragnhild Jepsen er biskop. Os og Fusa sokn høyrer vidare inn under Fana prosti der Kristin Sævik Litlere er prost. Prestane som hadde sitt virke i Os kyrkjelyd i 2024 var sokneprest **Roar Hallesby Evjedal**, kapellan **Anette-Emilie Gangstø** og prostiprest **Svante Havåg**. Frå hausten 2024 gjekk Anette-Emilie Gangstø inn i stillinga som sokneprest i Fusa sokn, og hennar tidlegare kapellan-stilling vart ledig. Gjennom hausten har prestevikar **Jan Sverre Stray** bidrege til å halde hjula i gang, før ny kapellan **Jostein Enger** tok til i februar 2025.

Prestane arbeider tett med øvrig stab om utforming og gjennomføring av gudstenester, trusopplæring og andre tilbod og aktivitetar.

Andre tilsette i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Kristine Fjeld er kyrkjeverge i Bjørnafjorden og organisasjonens øvste leiar i kommunen. Dagleg leiar i Fusa sokn, **Hans Einar Markhus**, var fungerande kyrkjeverge fram til 1.mars 2024 i kyrkjeverga sitt sjukdomsfråvær. Frå 1. mars og ut året vart denne rolla overført til dagleg leiar i Os sokn **Sigurd Rotvik Tunestveit**, medan Markhus held fram som assisterande kyrkjeverge.

Blant dei øvrige tilsette i fellesrådet er m.a. driftsleiar **Kenneth Molland**, som ivaretek tryggleik, drift og vedlikehald i kyrkjebygg og på gravplassar.

Agnar Midtsæter, **Lars Joar Hilleren** og **Linn Kjerstin Østgulen** arbeider med kyrkjegardar og som kyrkjetenarar.

Marianne Tveit, **Terje Rød** og **Øyvind Dreyer** er kyrkjegardsarbeidarar i soknet, medan **Hanne Dahl**, **Jakob Nygard**, **Ludvik Hodneland Sundfjord** og **Marie Hallesby Evjedal** har vore tilsette som timehjelp/kyrkjetenarar i 2024.

Gudstenester og kyrkjelege handlinger

Os kyrkjelyd har tre hovudtypar gudstenester:



- Høgmesse
Som regel to gonger i månaden i Os kyrkje og ein gong i månaden i Nore Neset kyrkje
- Familiegudsteneste Som regel ein gong i månaden i kvar av kyrkjene
- Gudsteneste med band

Som regel ein gong i månaden i Os kyrkje

I 2024 var det:

- 156 konfirmantar (mot 169 i 2023)
- 21 vigslar (mot 31 i 2023)
- 124 gravferder eller bisetjingar (117 i 2023)
- 140 dåp (140 i 2023)

Som tidlegare følger vi ekstra med på antal døypte. Det er gledeleg å sjå at vi framleis har gode dåpstal nært på tala før pandemien. Dei øvrige tala i statistikkane har gjerne naturlege svingningar som ein må rekne med. Vidare er det gjerne ikkje dei absolutte tala som fortel oss mest, men kor mange prosent av befolkninga eller medlemsmassen som tek del. Det store biletet syner at vi i relativt stor grad har kome oss attende til nivåa før pandemien samanlikna med andre sokn. Samtidig er vi medvitne om at vi er del av ein nasjonal trend der ein del oppslutning der m.a. dåpstal og medlemsandel i befolkninga går gradvis nedover, og jobbar for å motverke dette.



I tillegg til dei faste gudstenesteformene vert det arrangert mellom anna både ungdomsgudstenester, friluftsmesse i Smievågen, regnbogegudsteneste, skapingsgudsteneste på Kyrkjeflaten i samband med Skapingsdagane i juni, og lysmesse i førjulstida med konfirmantkullet.

Totalt var det 16953 deltakarar på gudstenestene i Os sokn i 2024. Grafen ovanfor syner korleis pandemi-åra påverka vårt viktigaste samlingspunkt. Vi har i dei påfølgande åra hatt fleire gudstenester enn tidlegare, og gjennomsnittleg antal deltakarar er samtidig på nivå med 2018 og 2019. Gudstenesten er med andre ord eit livskraftig nav i kyrkjelyden.



Koret Fonos på regnbogegudsteneste i Os kyrkje

Tunet

kyrkje- og kultursenter

Kyrkjelydshuset vårt rommar mykje - både eigne aktivitetar, kontor og lagerrom - men òg kommune, organisasjonar og private leiger lokala. Utleigeverksemd gjev inntekter, men stiller òg høge krav til reinhald, tryggleik og vedlikehald av utstyr og bygg.

Økonomi

Faste gjevarar har vore ein bærebjelke i finansiering av Tunet i mange år, og vi nyttar høvet til å takke for at så mange vel å støtte Tunet økonomisk frå månad til månad. Samla lån etter utbyggingane på 2010-talet er no på drygt 13,4 millionar kroner. Vedvarande høg og generell pris- og avgiftsauke dei seinare åra har påverka driftsøkonomien merkbar, og utgiftene til lånerenter har på kort tid auka frå om lag kr. 330.000 i 2021 til nærmare 700.000 kroner i 2024. Vi jobbar for å rekruttere nye gjevarar (om enn med mindre beløp) som ynskjer eit levande kyrkjelyds- og kulturhus i Tunet. Mange har merkt dyrtida vi er inne i på lommeboka, og det gjer oss audmjuke og takksame for dei godt over 650.000 kronene som kom inn gjennom gjevarteneste og andre gåver frå privatpersonar, i tillegg til offer i gudsteneste til eige arbeid ved ulike høve. Dette kjem godt med!

Straumkostnadar har vore eit fokusområde etter at kostnadar (etter fråtrekt straumstøtte) til dette i 2022 og 2023. Effektivisering og nøysam drift har bidrege til at straumrekninga for 2024 er nesten 100.000 lågare enn året før. Dette er sjølvsgat og gledeleg for oss som Grøn kyrkjelyd, og vi vil jobbe vidare med å optimalisere forbruk og system i 2025.

Dei eldre delane av Tunet treng no vedlikehald og utbetring. I 2024 fekk soknerådet ei fagleg vurdering av prioriterte område på bygget. Dei største og viktigaste prosjekta omfattar takreparasjon enkelte stader og vindaugeskift på fleire gavlveggar.

Mange vel Tunet til sine arrangement, og det er vi glade for. Særleg vil vi vere eit godt alternativ for kyrkjelydens medlemmar og tilknytte organisasjonar. Rabattert pris for faste gjevarar er etablert. Mellom 2023 og 2024 har utleigeinntektene lege ganske stabilt, og vi har ambisjonar om å auke denne inntektsposten gradvis.

Minnesamvær i Tunet

Med eineståande frivillige medhjelparar og flotte lokale er vi glade for å kunne tilby osingane å halde minnesamvær i Tunet når nære og kjære har gått bort. Tilbakemeldingar fortel om ei fin ramme rundt samværet.

Frivillige og dyktige medarbeidarar står for pent dekkja bord med kvite dukar, serviettar, lys og roser, kaffi/te, å ta imot mat, å servere, rydde inn og vaske opp.

Det vart i 2024 halde 18 minnesamvær i Tunet med til saman 868 gjestar. Det var rekordår med ei auke frå året før på om lag 80%, jamvel om vi hadde litt færre medhjelparar. 14 frivillige leverte 63 dagsverk!

Os kyrkjelyd skaffar på denne måten inntekter til Tunet. Dei frivillige medhjelparane får inga løn for arbeidet men får dele rosene som har pynta borda.

Andre tiltak for Tunet

Fleire gode initiativ frå frivillige har resultert i kjekke aktivitetstilbod i Tunet og samstundes skaffa gode inntekter.

Onsdag føremiddag er golvet i Storsalen dekt av treningsmatter, når tilbodet "**Trim for Tunet**" finn stad. Fysioterapeut Bente B. Strømme vegleier i lett trening og fysisk aktivitet. Det trengs påmelding til desse populære kursa, og semesterkontigenten går uavkorta til drift av Tunet.

Etter treningsøkta finn mange vegen til "**Strikk til Tunet**", der handarbeidet og lunsjen er utgangspunkt for sosialt samvær - og der det som blir laga vert lodda ut på den årlege Strikkebasaren. I 2024 fekk strikkejengen inn imponerande 85000,- som går til nedbetaling av lån på Tunet.

Torsdag i Tunet (TiTT) feira "13 års jubileum" i 2024 med brask og bram (og det legendariske bandet "Ondt i Ryggen" på scena), og det vart gjennomført foredragskveldar og interessante samtalar både vår og haust. Soknerådet har ytra ynskje om å halde fram med denne gode møeplassen for dialog og refleksjon kring aktuelle emne, og ein leitar etter frivillige som vil ta ballen vidare.

Arbeid for og med barn og barnefamiljar

Barnesamling - Søndagsskule

Vi kjøper og brukar Sprell Levande opplegget til Søndagsskulen. Dette opplegget er delt inn i Gullivergjengen (2-5 år) og Agentar (6-9 år). Her blir borna kjend med Jesus igjennom fine forteljingar og godt pedagogisk materiell. Det er også fleire av samlingane som er henta frå gamle testamentet. På denne måten vert forteljingane utfyllande og kan følgje kyrkjeåret. Desse samlingane har vi hatt samstundes med gudstenestene.

Det er frivillige som driv søndagsskulen med støtte frå stab. Våren 2024 var det til saman i dei to kyrkjene 4 samlingar og på hausten var det sett opp 5 samlingar. På hausten vart dessverre 4 av 5 samlingar avlyst. Det manglar frivillige som har høve til å drive søndagsskulen vidare. Det vil bli satt opp samlingar til våren 2025, så om du har eit brennande hjarte for å gje Jesus til borna så ta kontakt!

Sprell Levande kyrkje - Messy church

Rotekyrkje? Kaoskyrkje? Etter å ha vore ein pilot-kyrkjelyd for å teste ut "messy church" her til lands så har vi halde fram med å bli ein ressurs-kyrkjelyd i fellesskapet rundt messy church i Noreg. Når dei nye ressursane vart lanserte i oktober 2024, fekk vi ein god kontinuitet med dette arbeidet i Nore Neset i november og desember.

Messy church er ressursar til bruk i gudstenesta der vi saman jobbar og leikar oss igjennom bibeltekstar og nøkkelelementa i gudstenesten. Desse søndagane opnar vi Nore Neset kyrkje og har eit ekstra fokus på å invitere til ei gjestfri, kreativ gudstenestefeiring for alle generasjonar med Jesus i sentrum.

Speidaren

Os KFUK-KFUM Speidarar har tilhald på "Speidarloftet" i Tunet kyrkje- og kultursenter og har nær tilknytning til kyrkja på fleire måtar. Kyrkjeflaten er ofte utgangspunkt for store og små ekspedisjonar, og friområdet kring Nore Neset kyrkje er òg spanande. Den store speidargudstenesta i adventstida ligg fast i årshjulet til kyrkjelyden, og ei aktiv speidargruppe bidreg til eit spanande friluftstilbod for born og unge.

Sjølv om speidaren er ein del av kyrkjelyden står Os KFUK-KFUM Speidarar òg på eigne bein, og deira årsrapport for 2024 følgjer som vedlegg bakerst i denne årsmeldinga.

Familiekoret ShubaDubs

ShubaDubs er familiekoret vårt. Shubadubs har øving på torsdagar i partalsveker i Tunet (Eldstova). Eldstova passar fint til denne aktiviteten. Det kan bli litt mange der på ein gang, men lokalet byr ikkje på meir springing en det ein kan forvente av 2-6 åringane. Etter ein halv time med songleik deler vi kveldsmat. Det er to frivillige som driv ShubaDubs med støtte frå stab. Det var 10 samlingar på våren og 7 samlingar på hausten. I januar 2024 meldte vi koret inn i søndagsskulen, då dette opnar for å få meir støtte både ressursmessig og økonomisk ved å vere knytt til ein større organisasjon. Difor er det søndagsskulen som fører medlemslister, har forsikring for aktiviteten og fordeler Frifondsmiddel. Det kostar 50 kroner å verta medlem, og det er for tida 32 betalende medlemmar i ShubaDubs. Her, som i andre aktivitetar vi inviterer til, finst det høve til å få hjelp til betaling av kontigent om ein har behov for det.



KOReDu

Songglade 1.-7.klassing: KOReDu?

KOReDu er barne og tweens-koret i kyrkjelyden, som er organisert i KFUK-KFUM. Her syng 1.klassingar i lag med 7.klassingar, heile spennet gjennom barne- og mellomtrinnet er velkomen (6-13 år). Øvingane er samansette av leik og korøving. Dette koret lærer seg songar som dei framfører på forskjellige tilstellingar eller i gudstenester. Dei som er i tweensalder (10-13) har fleire øvingar enn dei yngste. Alle har øvingar i partalsveker og tweens har eigentid i oddetalsveker. Dei eldste i koret øver seg på å bli leiarar og er ofte med på å leie oppvarming, leikar med dei mindre koristane, lagar i stand korlokalet eller ryddar opp etterpå. Det er fleire gode leiarspirar i tweenskoret. For tida er det 22 betalande medlemmar i KOReDu, og endå er det plass til fleire i kortrappene!

Koret er drive av frivillige med støtte frå stab. I mai 2024 vart koret utfordra av Bjørgvin krins av KFUKKFUM til å vere vertskap til den store barne og tweens-festivalen som krinsen årleg arrangerar i oktober. Dette vart ei god utfordring som koret ynskte å delta på. Det er kjekt å kunne invitere til våre gode lokalar både i Tunet og i kyrkjerommet. Frå KOReDu var det 14 deltakarar, 2 leiarar og ein ungdom, i tillegg til god hjelp frå foreldre som stilte opp til forskjellige oppgåver under heile arrangementet. Demed vart kyrkja fylt med 315 personar på gudstenesta den søndagen og det var 75 som deltok frå festivalen og 45 som overnatta i Tunet. Kjekt å kjenne på eit stort songfellesskap!

KOReDu syng på fleire gudstenester iløpet av året, både som fullt kor eller som små grupper. Den siste framsyninga i 2024 var julaften i Os kyrkje der KOReDu laga julesteming på familiegudstenesta.

Skule- og barnehagegudstenester

Samarbeid mellom skular/barnehagar og kyrkja er godt i Os, og mange held på tradisjonar om å reise til kyrkja og delta i gudsteneste som del av sitt faglege opplegg. Det set vi stor pris på, og både prestar, kyrkjetenarar, organistar og øvrig stab har travle veker før jul. For enkelte skular har busskostnad til kyrkja vorte ei utfordring i tronge økonomiske tider. Vi har heldigvis god dialog og søker å finne løysingar. I 2024 deltok nesten 3000 unge kyrkjegjengarar i 29 slike gudstenester, mot knapt 3500 året før.

Aldri Åleine

Aldri åleine er ein samlingsplass for tweens, altså mellom 5. og 7. trinn. Dette er eit undervisningsmateriell som fortel om Jesus og som er med på å gje tweens (10-13 åringar) eit høve til å utforske trua. Dette er ei samtalebaserert samling der ein kan undrast saman om store eller vanskelege spørsmål. I tillegg til samtale er det leik og sosialt samver, og - sist men ikkje minst - pizza og brus. Desse samlingane er på søndags ettermiddag/kveld i Tunet. På våren hadde vi 6 samlingar. Hausten 2024 vart 3 av 4 samlingar avlyste grunna for få oppmøtte. Dei som har vore "den harde kjerne" i Aldri åleine har blitt større og har dermed starta på neste steget, kalt "Pizza og Bibel 13-15".

Trusopplæring

I tillegg til det kontinuerlege aktivitetstilbodet for ulike aldersgrupper har Os kyrkjelyd spesielt innretta trusopplæringstiltak for kvar enkelt aldersgruppe frå dåpen og gjennom oppvekståra. Trusopplæring foregår gjennom både desse spissa tiltaka og deltaking i våre faste møteplassar. Gudstenester, barnekor, ungdomstilbod og til og med foredrag på eldretreff må seiest å vera del av trusopplærings-tilbodet vårt i vid forstand. Ein blir aldri utlært, og har godt av å bryne seg på ny kunnskap gjennom heile livsløpet!

Dåpen (0 år)

I dåpen vert ein innlemma i kyrkjelyden som eit nytt medlem, helsa velkommen og gjeve eit fyrste møte med kyrkja. I 2024 hadde vi 140 dåpsborn, samme antal som i 2023.

Babysong (0-1 år)

Babysong-kurs gjev ein introduksjon til musikalsk samspel med det vesle barnet og eit treffpunkt med andre som er i spedbarnsfasen. I 2023 har vi organisert kurs både i Nore Neset kyrkje og i TUNET kyrkje- og kultursenter, sistnemnte i samarbeid med KFUK-KFUM Open barnehage som har fast tilhald i TUNET på tysdagar. Eit kurs går over 8 samlingar, og det har vore god oppslutning om kursa på begge lokasjonar. I alt 49 born deltok på babysong i 2024, 30% av antall døypte.

Dåpshelsingar (1 og 2 år)

Ved fylte 1 og 2 år sender kyrkjelyden vanlegvis ut ei dåpshelsing til borna i posten, fyrst ei spisebrikke med motiv frå Noas ark, og deretter ei bok. Det er meint å gje støtte til å følge opp trua og relasjonen til kyrkja i heimen, og minne om at det finst aktivitetar og tilbod å delta på for borna og familiare deira. Det vart ikkje sendt ut dåpshelsingar i form av spisebrikke i 2024, grunna kvalitetsvurdering og bestillingsutfordringar. Men 141 toåringar fekk tilsendt bokhelsing i posten.

Adventssamling (3 år)

Adventssamlinga vart ikkje gjennomført hausten 2024 grunna sjukdom i stab.

Utdeling av 4-årsbok

Fireåringane får invitasjon til å delta på ei gudsteneste der dei får si eiga bok med tekst, bilete og kjekke aktivitetar. I 2024 fekk 14 fireåringar utdelt bok i éi av kyrkjene. Det tilsvarar 11% av antal døypte.

Påskevandringa "Opplev påsken" (5 år)

Veka før påskeferien inviterte vi igjen femåringane til Os kyrkje for å oppleve påskefortelinga. Vandring mellom stasjonar rundt i kyrkjerommet som tek for seg hendingane i påskeveka, frå palmesøndag til påskedag, formidlar påskebodskapen på ein konkret og tydeleg måte for denne aldersgruppa. Mange frivillige deltek med formidling og tilrettelegging, og i 2024 deltok 35 femåringar på vandringa.

Heilt førsteklasses! (6-7 år)

Dette er eit opplegg over fem samlingar som tek utgangspunkt i historiar og opplegg frå 6-årsboka, men som òg inneheld andre aktivitetar og spennande utfordringar for førsteklassingar, mellom anna førstehjelp. Felles kveldsmat gjev òg ei fin ramme for fellesskap. I alt 12 førsteklassingar deltok i 2024.

Skapingsdagane (7-8 år)

Skapingsdagane er eit flaggskip i trusopplæringa vår, med tre kreative dagar like etter skuleslutt for 1. og 2. trinn. Skapingsgudstenesta på Kyrkjeflaten som avsluttar det heile, var som vanleg bada i sol, og 50 deltakarar kjente på skapartrongen og undringa over skaparverket i lag desse dagane.

Tårnagentar (9 år)

Tårnagent-arrangementet vart endeleg gjennomført i 2024, etter fleire år med avlysingar. 40 niåringar deltok på dette kjekke og spennande arrangementet.

Lys Vaken (11 år)

Lys Vaken har i fleire år vore eit svært populært arrangement der 11-åringane overnattar i kyrkjerommet og deltek på søndagsgudsteneste. Dette arrangementet er samstundes ressurskrevjande og måtte i 2024 dessverre avlysast grunna sjukdom i stab.

Konfirmasjonstida (14-15 år)

Våren 2024 vart 156 konfirmantar konfirmerte i ei av våre to kyrkjer. Desse hadde i løpet av 2023-24 vore ein del av 10 ulike aktivitetsgrupper og eit konfirmantopplegg som var knytta i all hovudsak til ungdomsarbeidet vårt; KRIK, JoinUs band og dans, Mat og form, SamanForAndre, Happening, Golf, Friluft og Nettkonfirmantar.

Annankvar onsdag samla vi ca halve konfirmantkullet i Tunet; til bibelforteljning, gruppeaktivitet og undervisning og bønnevandring i Os kyrkje. Dette opplevde presten og kateketen at var ein veldig fin måte og ha konfirmantopplegg på. Det var mange grunnar til det; for det første var fleire i staben saman om planlegging, gjennomføring, aktivitetane og i arbeidet med relasjonsbygging og i det og sjå konfirmantane. For det andre kjendes det godt å få jobbe konkret med forteljingar om korleis Jesus møtte menneske, og kva det kan ha å seie for oss i dag; gjennom tekstane og truspraksisar (bønnevandringa).

Likevel måtte vi erkjenne at det ikkje fungerte like godt for JoinUs å ha så mange konfirmantar inn i eit relativt lite arbeid. Det førte til litt nye planar for 2024-25 kullet.

Vi legg til rette for konfirmantar med mange ulike behov for at dei skal bli konfirmerte kvart einaste år. Men dei siste åra har det vore markant auke i antal konfirmantar som treng ekstra tilrettelegging, og arbeidet med dette har vorte større i omfang.

Likevel fekk vi omtrent alle på leir. 2023-24 konfirmantane fordelte seg på KFUK-KFUM sin konfirmantleir CampVestland på Framnes i haustferien, Raknestunet og eit tilbod om ein Bu-heime-leir for dei som ikkje kunne eller ville vera med på leir.



Frå Skapingsdagane

Hausten 2024 starta 163 nye konfirmantar på eit ganske anna konfirmantopplegg, der Nore Neset kyrkje var meir i sentrum av arbeidet. Vi ville framleis ha konfirmantar inn i JoinUs, og 30 konfirmantar var ein del av gruppene i JoinUs; lyd og lys, dans, band, kor og hobby.

Nærare 100 konfirmantar valgte dei gruppene som var knytte opp mot opplegget i Nore Neset kyrkje; Padel, KRIK og Ut og sånn. Her rullerte to grupper pr gruppeaktivitet på kven som starta på ei 1,5 times samling i Nore Neset kyrkje og 1 times gruppeaktivitet.

Vi evaluerte oss fram til at vi ønskte at alle skulle få dra på leir til så lav pris som mogeleg, og laga 3 leirar sjølv på Raknestunet. Det har og ført til ei meir strukturelt arbeid ift leiertrening for ungdom blant anna. I løpet av konfirmantkullet 2023 - 24 hadde vi med oss 4-5 ungdommer på leir og på to leirar i løpet av hausten 2024 (november og januar) har 14 ungdommar delteke i oppgåver på leir eller i konfirmantarbeidet. Så det har vore ei god utvikling.

Vi avslutta denne konfirmanthausten med Lysmesse i Os kyrkje for stappfull kyrkje.

UNGDOMSTUNET

Ungdomstunet er paraplyen for ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd. Her foregår både breiddeaktivitet og leiartrening, vekefaste møteplassar, leiar og mykje meir. I hovudsak er aldersgruppa for aktivitetane frå 8. trinn og oppover.

Ungdomstunet samarbeider med andre aktørar lokalt både i og utanfor kyrkja, og både ungdomsleiarar og medlemmane sjølve bygger gode nettverk på tvers av kyrkjelydane.

Ny ungdomsleiar

Mangeårig eldsjel og ungdomsleiar Martin Bakke Slåttsveen takka for seg til sommaren 2024 og er no i gang med studiar. På hausten kom Harald Skoglund Dahler inn som ny ungdomsleiar. Harald kjem frå Alta i Finnmark, men har familie frå Bergen og hytte på Sævereid. Han er utdanna innan ungdom, kultur og tru på MF i Oslo, og har dessutan mykje erfaring med internasjonale kyrkjelege organisasjonar for ungdom. Harald har kome inn med mange gode tankar om korleis vi kan bygge Ungdomstunet vidare

KFUK-KFUM JoinUs TenSing

JoinUs har vore kor, aktivitetsgrupper, møteplass, hengeplass og mykje anna. Det siste året har vi hatt fokus attende på at JoinUs driv med kor og andre aktivitetar. Dette førte til at ein del av dei som hadde brukt å vere innom tok ein pause. Ein del har likevel kome innom for å sjå korleis det er på JoinUs, og alle er velkomne! Noko har endra seg litt, men trass i dette har medlemstala til JoinUs ikkje gått ned, men halde seg stabile ved at nye medlemmar ynskjer å ta del i koret. Ved årsskiftet var det om lag 50 betalande medlemmar.

Constanze og Asgeir har begynt som frivillige vaksne i JoinUs, og dei gjer ein fantastisk innstas med å leie Felleskor/Mini-Kor og Band!

Årsmøte og nytt styre

Årsmøtet til JoinUs vart halde 01.10.24. Her vart nytt styre for JoinUs vald inn. Styreleiar vart Ann Katrin Leirvåg, og øvrige medlemmar Amine Johansen, Andrea Holmefjord, Benjamin Aase, Karoline Olsen og Kristin Hesjedal.

Konfirmant-onsdagar

Konfirmantar har vore med på JoinUs annankvar onsdag, som ein del av konfirmant-undervisninga deira. Her har det vore kyndige og profesjonelle kunstnarar til å vere med hobby-gruppa.

TenSing-seminar

Vi sendte to ungdommar på TenSing-seminar på Sunnmøre sommaren 2024, Benjamin Aase og Oliver Danielsen. Dei kom inspirerte heim med lovprisning av opplegget, og med ønske om å få reise igjen.

Konsertar og framføringar

JoinUs hadde ein vellukka vårkonsert i Tunet våren 2024, og deltok mellom anna på både Julemessa og Lysmessa om hausten. Her har tilbakemeldingane frå både deltakarar og publikum vore positive og koret legg seg i selen for å bygge vidare og førebu seg til nye høve i 2025.

MiLK (MiniLeiarKurs)

Vi har starta leiartrening for ungdommane våre, for å kunne gje dei kunnskapar og reiskapar til å bli gode leiarar. Etter som MiLK-opplegget er eit heilskapleg kurs har ingen hatt høve til å fullføre kurset i løpet av hausten 2024. Det har vore 22 ulike leiarspirer innom øktene til kurset i år.

KRIK Os

KRIK Os har gått sin vante gang, med sjølvstendige ungdommar som leier og styrer treningane på fredagar. Harald har vore innom nokre få gangar for å møte desse ungdommane, og for å gi informasjon til dei, eller på invitasjon fra ungdommane.

Ungdomstunet og KRIK drog på Nattcup 15.-16.11. med hjelp frå mange foreldre, både med køyring og nattevåk på plass i Haukelandshallen. Det var 33 ungdommar (2 over 18 år) som var med på nattcupen, og vi kunne stille med 4 lag med både konfirmantar og andre ungdommar.



Begge foto: Martin Bakke Slåttsveen

Pizza & Bibel

Ungdommane på Ungdomstunet har etterspurt å kunne få litt meir målretta vegleiing i Bibelen, og at dei som har gått på Aldri Åleine kan halde fram med eit liknande tilbod. Dermed oppstod "Pizza & Bibel". P&B er delt i to aldersgrupper. **P&B 13-15** har brukt eit opplegg som er basert på korleis Aldri Åleine har fungert i tweens-alderen, og leiast av Ingvild Hallesby Evjedal og Reidunn Hernes. **P&B 16+**-opplegget er basert på ein idé frå Nord-Hålogaland Ungdomsting 2022 for å få ungdommar med på undervisningsopplegg i kyrkja. I aldersgruppa 16+ har ein gått gjennom søndagens evangelietekst og i fellesskap reflektert over kva teksten tyder og korleis det kan ha innverknad på oss i dag. Leia av Lise Renee Aase, Anne Turid Bjørnevik og Harald Skoglund Dahler.

Eit fast sett med spørsmål kvar gong skapar rammer for å forstå ulike bibeltekstar og læra meir. Alle samlingar har starta med at vi et pizza i lag på tvers av aldersgruppene, inkludert tweens frå Aldri Åleine når det har passa slik. Vi har sett stort engasjement blant ungdommane våre for å vera med på dette, heilt oppe i 26 ungdommar har delteke på arrangementet.

Ungt leiarforum (ULF)

ULF møtast ein søndag i månaden heime hos Ingvild og Roar Hallesby Evjedal. Det er ei samling for ungdom som har ein type leiaroppgåve i ungdomsarbeidet, søndagsskule, trusopplæring, gudsteneste osv. Kveldane er lagt opp med mat, undervisning og prat, sosial tid og kveldsbøn. Om 20 ungdommar er tilknytt ULF.



Samarbeid med Fana sparebank

Vi gjennomførte eit kurs saman med Fana sparebank i haust, med tema rundt privatøkonomi, løn og andre ting det er nyttig å læra for ungdommane.

Misjonstur til England

Ungdomstunet hadde med seg 19 ungdommar på misjonstur til Barrow-in-Furness i England i haustferien. Her fekk dei sjå og oppleve korleis ungdomsarbeidet vart drive der. Her fekk dei òg sunge velsignelsen på ei gudsteneste for kyrkjelyden. Den eine økta i MiLK vart gjennomført denne veka. Takk for turen!

Pop-up arrangement

Gjennom året dukker det mange gode idear, og ungdommane går gladeleg i gang med nye prosjekt... Blant desse kan nemnast overnatting i Tunet i vår, og omvendt mørkegøymse og filmkveld på Halloween (men dei ville heller sjå "Biler 2" enn skrekkfilm). I adventstida bakte vi pepperkaker. Det vart gjort eitt forsøk på å bygge Os kyrkje i pepperkake, men det ble ingen suksess - meir planlegging må til!

Sidan det ikkje vart arrangert Julegalla, skipa ein til ein Grautfest i staden. Det var 25 påmeldte og sjølv med noko sjukdomsforfall var det 27 til stades. Graut, ulike konkurransar med premie, og eit Polaroid kamera som vart hyppig brukt var nokre av ingrediensane.

Til ungdomskonferansen Veikryss reiste 9 ungdommar, for å vere med på kurs og delta på ungdomstinget til Bjørgvin bispedømme i St. Jakob kirke. Her vart mange engasjert i kyrkjedemokratiet, og neste år kan fleire tenke eg å stille til valg for å bli ein del av ungdomsrådet til Bjørgvin bispedømme.

Diakoni

kyrkja sitt omsorgsarbeid

Kyrkjelydens diakoniarbeid har til hensikt å fremja nestekjærleik, miljø, rettferd og inkluderande felleskap. Omsorg skal vere ein integrert dimensjon i alt vi gjer.

I 2024 har vi fått fleire nye frivillige til **sorggruppe** og tilbod om samtale. No er det vekefaste samlingar for dei som ynskjer dette på fredagar.

Vi har i haust hatt gleda av å ha Rebecca Hilleren med oss i familierapeut-**studentpraksis**. Ho har mellom anna bidrege i dette arbeidet, i tillegg til «Foreldre møter foreldre»-gruppe og enkeltsamtalar.

«**Foreldre møter foreldre**» har halde fram som eit felles prosjekt med Familiens Hus i kommunen, finansiert av Bufdir. Her er nøkkelorda nettverksbygging, input og samtale foreldre i mellom. Ei gruppe i semesteret med barnepass og middag som del av opplegget - ei gåvepakke til både ferske og meir erfarne foreldre.

SLT (samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak) er eit viktig forum for kommunen og diakonen sit her i utførande gruppe.

Språkkafeen har dette året i større grad vore drive av frivillige krefter, delvis grunna sjukdom i stab. Norsk folkehjelp og enkeltpersonar frå Sanitetsforeningane har òg bidrege til å halde open kafé om lag ein gong i månaden.

Søndagssamlingar og gudstenester særskild tilrettelagd for menneske med psykisk utviklingshemming har hatt sine jamnlege samlingar i TUNET (gudsteneste ein gong i semesteret i Os kyrkje), og prostiprest Svante Havåg har god hjelp av trufaste frivillige krefter i dette arbeidet.

I 2024 fekk Os kyrkjelyd tildelt Bufdir-midlar (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) til breiddetiltak og diakonal satsing i ungdomsarbeidet ("Opne møteplassar"). Dette gav høve til å tilsette ein prosjektarbeidar som skal jobbe særskild med dette, og Idun Fjeld tok til i stillinga februar 2025.

Vi har jobba med tilrettelegging og tilpassing for konfirmantar som treng dette. Diakoni er òg representert som eigen aktivitetsgruppe i konfirmant-året. Framfor alt får diakoni fokus når konfirmantane sameinar krefter med frivillige eldsjeler og samlar inn pengar under Fasteaksjonen før påske. I 2024 vart fjorårsrekorden nok ein gong slått, og 204 503 kr kom inn til Kirkens Nødhjelp sitt livsviktige arbeid for reint vatn til alle menneske.

Os sentrum har dessverre òg vore åstad for ubehagelege episodar, og etter ei hending med knivskader hadde vi "opent tun" for ungdommar.

Det har blitt gjennomført 2 dialogmøte med kreftkoordinatorar i nabokommunen samt diakonar og kreftsjukepleiar etter at kreftkoordinatorstillinga i Bjørnafjorden kommune no er fjerna. Vi jobbar i våre fagmiljø for å møte dei behova som finst.

Vi vil i denne omgang trekkje fram dette, sjølv om det er meir som har skjedd i år og meir ein kunne ha nemnt.

Diakoniarbeidet vert bore i stor grad av frivillige i menigheten, og vi i diakoniutvalget er takksame og stolte over å stå saman med så dyktige og flotte folk i dette arbeidet. Mangfald og breidde i tiltaka er viktig. I løpet av året har over 100 frivillige vore i sving med ulike tiltak innan omsorgsarbeidet. Takk for god innsats!

Diakoniutvalet i Os kyrkje



Foto: Ole Henrik Kongsvik

Vi har ein fin bukett med frivillige både leiarar og medarbeidarar i eldrearbeidet i kyrkjelyden. Treffa for eldre er jamt over godt besøkt med variert program.

Senior-Koinonia

Vi har samla mellom 30 og 50 personer annan kvar torsdag kl 11.30 til 14.00 til hyggeleg samver med sang og undervisning, og god mat. Vårhalvåret hadde vi 8 samlingar med tilreisende foredragshaldarar og emner frå misjon både frå Kina og Nepal, og songmøter om det nære ved Oddvar Rotvik, og songskatten frå USA ved brørne Nordstrand, for å nemne noko. Hausthalvåret hadde vi 7 samlingar med tilsvarande engasjerande emne og foredragshaldarar og songarar invitert frå fjern og nær. Vi takkar ein trufast stab som bidreg til å halde dette i gang saman med ein handfull villige songarar frå vår eiga bygd. Detaljert program er å finna på Kyrkjetunet for kvart halvår. Velkommen!

Per Torgeir Nilsen

Eldretreff i Kløvertun

Eldretreff i Kløvertun finn stad fyrste tysdag i kvar månad, og er eit tradisjonsrikt samarbeid mellom Os sanitetsforening og Os kyrkjelyd. I programnemnda sat Bjørn Atle Drange (fram til juni 2024), Knut Ivar Askeland og Gerhard Hansen. Det er varierende oppmøte mellom om lag 25 og opp mot 45 gjester. Ein gjest formidlar eit aktuelt emne av praktisk eller kulturell art, vi har felles sang og musikk og eit ord for dagen. Organist Anna Cecilie Norlund Oksavik har vore vår faste hus-musiker på eldretreffa. Ikkje minst er det god lunsj på borda. Siste samling før jul har vi ein liten adventkonsert i Os kyrkje, der skuleelevar ofte har kome og bidrege - så òg i år når Os skule deltok. Deretter var det avslutning med varm lunsj i Kløvertun.

I juni har eldretreffet ein dagsutflukt, og årets destinasjon var Lyngheisenteret. Turen er eit samarbeidsprosjekt mellom Senior-Koinonia, Eldretreffet på Nore Neset og Eldretreffet i Kløvertun. Ca 40 deltok på turen i år.

Gerhard Hansen

Seniortreffet i Nore Neset kyrkje kan du lesa om på side 15.

Musikk i kyrkja

Musikken i kyrkja vår spanner vidt. Gudstenester, gravferd, vigslar, institusjonsandaktar, samarbeid med barnekora (som deltok i 5 familiegudstenester), band (som spelar til gudstenester om lag ein gong i månaden) og prosjektkor til særlege høve. Det er òg medverknad frå ulike musikkaktørar som solister, sanggrupper, instrumentalister og andre musikarar.

Blant dei musikalske hendingane i 2024 kan nemnast:

- Framføring av Norvald Kobbeltvedts folketonemesse i Os kyrkje i juni
- Framføring av verket «Den store stjerna» (Mons Leidvin Takle).

Frivillige bidrar aktivt med musikkinnslag i både gudstenester og konserter, noko som vitnar om eit stort engasjement. Stor takk til alle frivillige musikarar i Os!

Musikkutval og månadlege konsertar

Etter nokre år i "dvale" har kyrkjelydens musikkutval gjenoppstått i 2024. Utvalet har ynskt å få opp konsertverksemda i kyrkjene, og diskutert korleis vi best kan framheve dei musikalske skattene frå Os og omegn. Det vart skipa til månadlege konsertar, rundt den 15. kvar månad, i Nore Neset og Os kyrkje, eventuelt i Tunet. Eit variert musikk- og kulturtilbod som del av kyrkjelivet er målet. Repertoaret har spent frå barokkmusikk til samtidsmusikk, og frå kor til jazz. Vi er veldig takksame for alle som ynskjer å gje økonomisk stønad til musikkhonorar til dei som spelar på konsertane. Denne konsertserien er framleis i emning, og kvar musikkengasjert bidragsytar, anten praktisk, økonomisk eller musikalsk, er til stor hjelp!

Piano og flygel

Pianoane i både Os og Nore Neset kyrkjer, samt flygelet i storsalen, er solide bruksinstrument i god stand. Dei får jamnleg stemming og tilsyn. Då pianoet i Eldstova til slutt trong utskifting, fekk vi tak i eit pent brukt instrument som kom på plass i haust.



Frå ungdomsgudsteneste i Os kyrkje. Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Orgel

Orgelet i Os kyrkje er gammalt, og det er ein ambisjon å skaffe eit nytt eller fornye dette. Vi undersøker høvet til å få dette delvis finansiert gjennom stønadsordninga Kyrkjebevaringsfondet. For å lykkast med dette og legge eit godt grunnlag har vi starta arbeidet med eit orgelutval, som skal kartleggje kva som må gjerast for å få på plass eit nytt orgel. Her er rapporten og forarbeidet som ein orgelkomité gjorde før korona-pandemien eit viktig fundament. I 2024 har orgelet blitt kyndig vedlikehaldt av orgelstemmer, og vedlikehaldsbehovet og -kostnadane er relativt store. Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand.

Cembalo i Nore Neset kyrkje

Cembalo er eit klaverinstrument som hadde sin storheitstid på 14-1700-talet. På cembalo, som gjerne har samme form som et lite flygel, blir strengane knipsa med små lærtaggar eller fjører som gir ein karakteristisk lyd, og dette kling ekstra godt i det flotte kyrkjerommet på Nore Neset. Eit cembalo som har flytta frå Sund kyrkje står no i Nore Neset kyrkje, og når dette er ferdig med nokre mindre reparasjonar vil det vere klart til å spele musikk frå tidleg renessanse, barokk og klassisisme. Følg med!

Nore Neset kyrkje

Gjennom året skjer det mykje i Nore Neset kyrkje. Her er eit kort samandrag:

6. januar hadde vi kyrkjelydens tradisjonrike julefest. Det var ca. 100 framømte til julepregang, leikar og mat i lag.

Søndag 14. januar var det nok ein gong invitert til "Minnest du songen", denne gongen med Knut Inge Røen som gjest og Oddvar Rotvik som akkompagnatør. Dette vart vellukka og svært hyggjeleg med bra framømte.

Skjærtorsdag 28.mars var det som så ofte før gudsteneste med måltidsfellesskap kring kveldsmaten etterpå.

I samband med familiegudstenesta 23.juni, vart det arrangert sommarfest med ulike aktivitetar i og utanfor kyrkja.

15. august starta vi opp med konsertar i kyrkja. På denne konserten bidrog Johan Sebastian Blum (cello), Grethe-Inger Berge (song) og Irina Tarasova (piano/orgel). Vi hadde ny konsert i Nore Neset 15. oktober, då med Marius Vedvik (fiolin), Tore Kloster (song) og Irina (piano/orgel).



I tillegg til desse arrangementa, har vi hatt seniortreff kvar fjortande dag gjennom året. Tysdagane samlast vi frå kl. 11.30 til ca. 13.15. Vi delar tid og har hyggjeleg prat, song og eit godt måltid i lag. Nokre gonger har vi òg besøk av nokon som spelar og opptrer, eller nokon som fortel om opplevingar i livet sitt, som misjonæreneste eller anna. Det kjem ca. 10 stk. kvar gong, og det er plass til fleire rundt bordet!

Kommunikasjon

Os kyrkjelyd ynskjer å vere synlig og ha informasjon tilgjengelig for lokalmiljøet. Dette er eit kontinuerleg utviklingsarbeid som krev tid, ressurser og kompetanse.

Os kyrkjeblad når ut til alle heimar i gamle Os kommune (reknast som offentleg informasjon) og kom i 2024 ut med 3 utgåver, til påske, skulestart og advent. Opplaget er på drøyt 9200 eksemplar. Generelt er tilbakemeldingane at bladet vert godt teke imot og lese av mange.

Gudstenester og enkelte andre samlingar og tilstelningar annonserast i lokalavisa Os & Fusaposten.

Nettsidene til kyrkjelyden er bygd på Den Norske Kyrkje sin felles plattform, som gjev både moglegheiter og avgrensningar. Det viktigaste for oss er at det skal vere enkelt for kyrkjelyden å finne fram til kva som skjer og når det skjer, og at korrekt og

oppdatert informasjon om aktivitetstilbodet når ut til folk. I 2024 har vi gjort nokre forbetringar, og vi er i gang med å gjennomgå all informasjon som ligg ute for å forbetre opplevinga for lesarane. Gode og konstruktive tilbakemeldingar tek vi dessutan gjerne i mot.

I tillegg til eiga nettside har vi nytta portalen Friskus i 2024. Frå 1.1.25 har kommunen ikkje lenger aktiv avtale med Friskus, og dermed er framtidig bruk her meir usikkert.

Os kyrkjelyd har òg ei Facebook-side, der korte meldingar om aktuelle arrangement blir kunngjort. Språkkafeen har i tillegg ei eiga Facebook-gruppe.

Ungdomstunet er noko meir digitale enn resten av kyrkjelyden, og har sida ungdomstunet.no i tillegg til eigen Facebook- og Instagram-side.

Til ein del aktivitetar, særleg for born og familiar, nyttar vi dessutan appen Spond for påmelding og informasjon til gjentakande arrangement som barnekor og barnesamlingar. Vil du melde deg inn i Spond-gruppa til Os kyrkjelyd er koden FPQUZ.

Årsmelding 1.OS KFUK-KFUM-SPEIDERE 2024

Medlemstall: Antall medlemmer registrert i det sentrale medlemsregisteret Hypersys ved utgangen av 2024 var 97, mot 92 i 2023:. En del utmeldinger ble effektivert ved nyttårsskiftet, så medlemstallet pr.dato er noe lavere.

Ledersituasjonen: Vi har ledere og hjelpere nok til å holde aktivitet i alle enheter. Fra i høst har Jostein Døsen, Matias D. og Marie Pontoppidan hatt ansvaret for oppdagerne. Kanskje litt tynt for de store vandrerne. Ingeborg Holemark er leder for roverne.

Godkjenning av ledere: Det ble i høst gjort en gjennomgang av hvem som har skrevet under ledererklæringen og er registrert som godkjente ledere i forbundet. Noen som har vært opptatt som leder i mange år, og noen nye har derved fått sin godkjenning. Disse er: Ingvild H. Evjedal, Åshild S. Hergum, Gunnbjørg Øen, Liv Wallem, Matias Døsen Pontoppidan, Ingeborg Øvreeide Holemark og Harald Skoglund Dahler. I tillegg er to tatt opp som ledere, og har skrevet under ledereklæringen, men det mangler litt papirarbeid før forbundet gir endelig godkjenning

Det har vært god **aktivitet i alle enhetene,**

- 8 Oppdagere registret i hypersys, flere har vært innom, i praksis 10-11: 1 og 2 klasse,
- 23 Stifinnere 3 og 4 klasse,
- 30 vandrere fordelt på unge og store, 5-6 og 7-10 klasse
- 10 Rovere 16 -25år

Fellesarrangementer for hele gruppa:

- Felles oppstart i kirken ved hvert semester.
- Felles tenkedagsfeiring på Kyrkjeflaten. Roverne laget plan for opplegget
- St.Georgsdagen 21.april: Familiedag i Ervikane søndag for alle. Vandrerne var på haik frå dagen før. (Tur med overnatting under open himmel)
- Leir i Rolsvågen, der speidere frå Alversund deltok også. Vandrerne var på haik fra Hausdal dagen før, men været var så stygt at bare de 4 tøffeste jentene haiket.
- Førjulskveld i Nore Neset kirke, med diverse aktiviteter og bålpanner utenfor
- Speidergudstjeneste 1.søndag i advent, med påfølgende kirkekaffe i TUNET med bildeframvisning på storskjerm og utdeling av merker.

8.mai i minneparken – speidere deltok også i år med kransenedleggelse på frigjørings- og veterandagen 8. mai

Bjørnafjorden pride - noen få fra gruppa deltok i paraden sammen medlemmer av menigheten under banneret "Kirken på Pride"

Deltagelse i regionale, nasjonale og internasjonale speideraktiviteter, blant annet følgende:

- Fleire av roverane er aktiv i Ung Aktiv Bjørgvin (UAB) som arrangerer kurs og turar for patruljeførarar og vandrar i kretsen
- Vi har hatt representanter i organisasjonens besluttsende organer som patruljeførerting og roverting, både på krets- og nasjonalt plan
- 18 februar var det kretsting i Tunet på Os, vi stilte sterkt. En av våre rovere ble valgt som vara til kretsstyret.
- Deltagere fra 7.klasse og oppover på ulike kurs i organisasjonens ledertreningsprogram
- Vi var godt representert på Bymanøveren i Bergen i oktober, med deltagere fra alle enhetene, denne gangen stilte også oppdagerne.
- Også i 2024 var en gjeng fra Os med på ungdomsturen til Dyrkolbotn i desember, både som deltagere og som ledere
- Roverway, en internasjonal leir for rovere ble arrangert i Norge 22.07-02.08. 5 rovere frå Os var med å arrangere første delen, Path . Dei var nesten 50 speidere frå heile Europa på Smedholmen i juli. 2 av våre fortsatte vidare til hovedleiren ved Stavanger

Arbeidsutvalget (AU) har bestått av einingsleiarane:

- Vår: Gunnbjørg Andreassen Øen, Åshild Skaatun Hergum, Torbjørn Hergum, og Margrethe Holmboe Askeland
- Høst: Margrethe Holmboe Askeland, Gunnbjørg A. Øen, Åshild S Hergum, Torbjørn Hergum og Jostein Døsen. Kasserer har hatt tilgang til å møte.

Det meste av kommunikasjonen har foregått på chat.

Gruppestyret består av Margrethe Holmboe Askeland, Baard Brattebø og Torbjørn Hergum. Valgt for 2 år i 2023. Supplert med kasserer Wenche Orrebacken, valgt for 2 år i 2024

Gruppeleder valgt for 2 år i 2023: Margrethe Holmboe Askeland

Årsmelding for 2024 godkjent på gruppetinget 10.02.2025

Os sokn

Årsregnskap 2024

Driftsregnskap

Os sokn


| | Note | Opprinnelig | | |
|---|------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | | Regnskap 2024 | budsjett 2024 | Regnskap 2023 |
| Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter | | -2 077 363 | -1 540 500 | -2 237 314 |
| Refusjoner/overføringer | | -333 095 | -319 500 | -336 093 |
| Statlige tilskudd | | -437 047 | -120 000 | -43 083 |
| Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm. | 6 | -45 000 | -57 000 | -35 000 |
| Tilskudd fra soknets organer | | -311 546 | -1 186 000 | -20 454 |
| Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler | | -1 583 012 | -1 451 000 | -1 480 056 |
| Sum driftsinntekter | | -4 787 063 | -4 674 000 | -4 152 000 |
| Kjøp av varer og tjenester | | 2 173 573 | 1 945 500 | 2 273 273 |
| Refusjoner/overføringer | | 625 838 | 739 500 | 656 945 |
| Tilskudd og gaver | | 682 341 | 689 000 | 499 267 |
| Sum driftsutgifter | | 3 481 752 | 3 374 000 | 3 429 485 |
| BRUTTO DRIFTSRESULTAT | | -1 305 311 | -1 300 000 | -722 515 |
| Renteinntekter og utbytte | | -100 482 | | -87 361 |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 4 | 682 645 | 720 000 | 659 654 |
| Avdrag på lån | 4 | 574 800 | 580 000 | 664 670 |
| Netto finansinntekter/-utgifter | | 1 156 963 | 1 300 000 | 1 236 963 |
| Avskrivninger | 4 | 793 913 | - | 793 913 |
| Motpost avskrivninger | 4 | -793 913 | - | -793 913 |
| NETTO DRIFTSRESULTAT | | -148 348 | - | 514 448 |
| Bruk av disposisjonsfond | 2,5 | -98 696 | - | -267 646 |
| Bruk av bundne fond | 2,5 | -211 505 | | -332 402 |
| Sum bruk av avsetninger | | -310 202 | - | -600 048 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 2,5 | 74 000 | - | 85 600 |
| Avsatt til bundne fond | 2,5 | 384 550 | | |
| Sum avsetninger | | 458 550 | - | 85 600 |
| REGNSKAPSMESSIG MER-/MINDREFORBRUK | 5 | 0 | 0 | 0 |

Balanse

Os sokn

| | Note | 2024 | 2023 |
|-------------------------------------|------|--------------------|--------------------|
| Anleggsmidler | | 31 957 965 | 32 751 878 |
| Faste eiendommer og anlegg | 4 | 31 910 437 | 32 680 583 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 4 | 47 528 | 71 295 |
| Omløpsmidler | | 2 450 021 | 2 627 012 |
| Kortsiktig fordringer | | 530 649 | 507 924 |
| Kasse, bankinnskudd | | 1 919 372 | 2 119 088 |
| SUM EIENDELER | | 34 407 986 | 35 378 890 |
| Egenkapital | | -20 121 975 | -20 192 740 |
| Disposisjonsfond | 2,5 | -541 894 | -566 591 |
| Bundne driftsfond | 2,5 | -1 116 376 | -943 331 |
| Kapitalkonto | 3 | -18 463 705 | -18 682 818 |
| Langsiktig gjeld | | -13 494 260 | -14 069 060 |
| Andre lån | 4 | -13 494 260 | -14 069 060 |
| Kortsiktig gjeld | | -791 751 | -1 117 091 |
| Annen kortsiktig gjeld | | -791 751 | -1 117 091 |
| SUM EK OG GJELD | | -34 407 986 | -35 378 890 |

Dato 20.03.25



Sigurd Rotvik Tunestveit

Daglig leder Os sokn



Leder soknerådet

Note 1: Rekneskapsprinsipp og vurderingsregler

Rekneskapet for soknet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja fastsett av Barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal rekneskapskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber mellom anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter vert tekne med i drifts- eller investeringsrekneskapet. I balanserekneskapet er omløpsmidlar vurdert etter lavaste verdi sitt prinsipp. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid er avskreve med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid. Sjå elles eigen note om anleggsmidlar.

Note 2: Avsetningar

Spesifikasjon over fond, avsetningar til og bruk av fond 2024.

| Konto | Type fond | IB | Årets avsetningar | Årets bruk av avsetningar | UB |
|-----------|-------------------|-----------|-------------------|---------------------------|-----------|
| 5.56-5.58 | Disposisjonsfond | 566 591 | 74 000 | 98 696 | 541 895 |
| 5.51-5.52 | Bundne driftsfond | 943 331 | 384 550 | 211 505 | 1 116 376 |
| | SUM: | 1 509 922 | 458 550 | 310 201 | 1 658 271 |

Note 3: Transaksjonar ført mot kapitalkonto

| Dato | Beløp | Tekst |
|-----------------|------------|---------------|
| 01.01.2024 | 18 682 818 | IB |
| I løpet av året | 574 800 | Avdrag på lån |
| I løpet av året | -793 913 | Avskrivningar |
| 31.12.2024 | 18 463 705 | UB |

Note 4: Anleggsmidlar og lån

Konto 5240000 Utstyr, maskiner og transportmidlar

| | |
|-----------------------------|--------------|
| Akkumulert anskaffingsverdi | 445 670 |
| Tidlegare års avskrivningar | 374 375 |
| Årets avskrivning | 10 år 23 767 |
| Balanseført verdi 31/12-24 | 47 528 |

Konto 5270000 Faste eigedomar og anlegg

| | |
|-----------------------------|---------------|
| Akkumulert anskaffingsverdi | 38 507 198 |
| Tidlegare års avskrivningar | 5 826 615 |
| Årets avskrivning | 50 år 770 146 |
| Balanseført verdi 31/12-24 | 31 910 437 |

5452001 Lån Kommunalbanken AS

I 2013 vart det teke opp eit lån på kr 6 450 000, for bygging av ny kontorfløy i Kyrkjelydshuset.

Terminar: 2 per år.

Løpetid: 38 år

Rente: Renta for 2024 er utgiftsført med kr 256 463. Av dette er kr 100 396 ikkje forfalle per 31.12.24.

| | |
|----------------------------|------------------|
| Lån pr 31.12.23 | 4 752 600 |
| Avdrag | 169 740 |
| <u>Restlån pr 31.12.23</u> | <u>4 582 860</u> |

5452002 Lån Kommunalbanken AS, Kyrkjetunet byggetrinn III

I 2016 vart det teke opp eit lån på kr 14 000 000, for utbygging av Kyrkjetunet.

Rente: Renta for 2024 er utgiftsført med kr 426 182. Av dette er 106 528 ikkje forfalle pr 31.12.24

| | |
|----------------------------|--------------------|
| Lån pr 31.12.23 | 9 316 460 |
| Avdrag | 405 060 |
| <u>Restlån pr 31.12.24</u> | <u>0 8 911 400</u> |

Note 5: Meir-/mindreforbruk

Os sokn har verken hatt planer om å ha eller har hatt investeringer i 2024.

Av årets julemessemidlar er kr 74 000 avsett til fond "Julemessemidlar".

Fordeling av julemessemidlar kr 71 547 er dekkja ved bruk av fond "Julemessemidlar".

Tilskot til speiderane kr 27 150 er dekkja ved bruk av fond "Kyrkjebyggjande tiltak"

Ubrukte bundne midlar frå Bufdir, kr 384 550, er avsett til fond "Prosjektstilling Bufdir"

Meirforbruket, etter avsetning og bruk av fond, på kr 211 505 er dekkja ved bruk av fond "Gaver kyrkjetunet", fordi utbygginga av kyrkjetunet har kosta mykje, både i renter og avdrag.

Note 6: Kommunalt tilskot

Det er motteke kr 35 000 i tilskot fra kommunen til musikkterapiprosjekt integrering.

Og det er motteke kr 10 000 i kulturmidler fra kommunen til Join Us.

Takk til alle frivillige!

Vi har om lag 180 ulike engasjerte frivillige i sving i ulike aktiviteter.

Vertskap til gudsteneste og kyrkjekaffi.

Innan trusopplæringstiltak året rundt tilpassa ulike aldersgrupper mellom 0 og 12 år.

På barnesamlingar, i familiekoret ShubaDubs og barne- og tweenskolet KOREdu.

I ungdomsarbeidet - i Tunet og på leir, med JoinUs, KRIK, Pizza & Bibel og andre tiltak.

I den store speidargruppa som har base i Tunets andre etasje og myldrer inn og ut på måndagar.

Gjennom konfirmant-året - som forelder, aktivi-tetsleiar, nattevakt, transportør, medspelar eller mat-tillagar (eller litt av alt det nemnte)

Som folkevald medlem av sokneråd, fellesråd og andre frivilligesom gjennom komitear, råd og utval bidreg til god styring, kloke tankar og god planlegging av store og små prosjekt og tiltak i kyrkjelyden.

Som ein av dei mange som stiller opp og hjelper til på Språkkafé eller andre av dei diakonale tiltaka våre.

Alle som bidreg musikalsk og kunstnerisk til å berike våre samankomster.

Organisatorar, musikarar og kjøkenansvarlege på Senior-Koinonia, Eldretreff, Seniorettreff i Nore Neset og andre tilstelningar for eldre.

Styre og medhjelparar i TiTT - Torsdag i Tunet - inkludert alle som syng, talar og underheld.

Den ivrige og proffe gjengen frivillige som stiller til verdige rammer for minnesamvær i Tunet.

Alle som sameinar krefter for julemessaa i november, der overskotet på 168.000 kroner som vanleg gjekk til barne- og ungdomsarbeidet.

Og endå er det stor sjanse for at nokon ikkje er nemnt...

Frivilligfest

Ein kveld i september ble kyrkjelydens frivillige invitert til ein heilaftan i Storsalen, med servering og underhaldning, som ein takk for den fantastiske innsatsen dei gjer. Staben stod for underhaldninga og soknerådet tok seg av serveringa. Det vart servert smakfull tacosuppe og eit kakebord med rikeleg utval. Det var fleire flotte musikkinnslag, mykje latter, men også nokon ettertenksame augeblikk. Om lag 85 personar var samla i Storsalen denne kvelden, på den fyrste Frivilligfesten som har blitt arrangert sidan før pandemien.

Stor takk til alle dykk som på ulikt vis deltek i det gode arbeidet!



DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

| Årsrapport 2024

Utgjevar

Os sokn, org. nr. 976 995 155
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar

Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

Nettside

www.kyrkja.no/os

Opningstid kontor

Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt

Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no